


RADØY *nytt*



Fredsmarkering på Radøy



I denne utgåva av RadøyNytt kan du mellom anna lesa om

- Fredsmarkering på Hordabø
- Program for kystsogevekene
- Justering av opningstidene i barnehagane
- Sommaravslutning i musikk- og kulturskulen
- Kva er nytt i den nye plan- og bygningslova?
- Startlån og bustønad



RADØY
den grøne øya

vert utgjeve av
Radøy kommune

Redaktør:
Christian Fotland

Redaksjonskomité:
Leif Taule, Ingunn Øwre

Utforming: Sveinung Kvamme

Trykk:
Allkopi AS



Kommune- rosa



Merete Fjellsende er reinhaldsleiar for kommunale bygg i Mangerområdet. Ho har på heller kort tid fått koordinert reinhaldet på ein god måte slik at ressursane vert nytta fleksibelt og innarbeidd

rutinar og system slik at kvaliteten vert betre – og reinhaldarane har vorte meir synlege i arbeidsmiljøet på fleire stader. Ho har også gjort ein flott jobb med å få innvandrarar til Radøy inn i arbeidslivet og følgjer desse opp på ein positiv måte. Me ynskjer lukke til vidare i arbeidet!

Rikdom er å nytta dei små og store oppturane!

Når du no les Radøynytt si sommarutgåve viser landet vårt seg frå si beste side. Det er lyst døgeret rundt, og me har mykje å gleda oss over.

Halve året er snart gått, og eg vil gjerne gje sambygdingane nokre refleksjonar frå ståstaden min. Først vil eg takka for innsatsen i vinter! Med den kaldaste, mest snørike og lengste snøperioden sidan 1917, er det få nolevande som har opplevd maken. Eg er imponert over kor flinke folk var å hjelpa kvarandre med snømåking. Kanskje skal de laga ein sommarfest som takk for godt naboskap og snømåkinga som var?

Kulturdagane i april var ein stor opptur. Det var verkeleg imponerende at nesten 90 menneske trassa haglbyer og skapte ein flott opningsfest på Solendfjellet og Nøttveitveten. Resten av kulturdagane imponerte med breitt program, som til saman over 2000 menneske tok del i. Tusen takk, alle saman!

Draumar er det viktig å ha – heile livet. Å få oppfylt draumane er enno større. Som ein av dei få i landet, har kultur- og musikkskulen vår no tre elevar som har fått draumestipend. I år var det Lydia Hoen Tjore sin tur til å få støtte til å vidareutvikla talentet sitt. Gratulerer, Lydia!



Manger skulemusikklag har vore i Shanghai, og representert Noreg under World Expo 2010. Fotballaga våre gjer det relativt sett betre enn Brann for tida. Radøy er den kommunen i Nordhordland med størst andel fotballspelarar i alderen 6 – 15 år. Radøy RC har nett arrangert Nordisk meisterskap. Radøy Kunst Senter har endå ei kvalitativ god utstilling, Vestnorsk utvandringsenter har vorte ein del av Museumssenteret i Hordaland. Tjorehagen er 50 år i år. Fleire av skulane har arrangert flotte fredsmarkeringar i vår. Lista over aktivitetar eg kunne ramsa opp er mykje lengre, men dette korte oversynet fortel om menneske som arbeider saman, og gjennom dette får eit rikare liv for seg sjølv og andre. Rikdom er å gjera livet betre for alle,- ikkje berre for ein sjølv. La oss takka dei som står på, for det ligg arbeid bak det meste. Det er ein rikdom i å ha ein kultur der ein takkar kvarandre, og at ein er i stand til å feira dei små og store oppturane livet byr på. Det er den beste motivasjon for å gå i gang med nye utfordringar. Då vert me også betre saman,- svært få er best åleine.

Nyt sommaren er helsinga mi frå kommunestyret!

Jon Askeland
ordførar



Hordabø skule arrangerte

fredsmarkering 7. mai.

Hordabø skule har lenge hatt ein tradisjon med å markera 8. mai, særleg i dei høve det har vore jubileum for fredsdagen i 1945. Dei siste åra har vi teke dei største elevane med oss til Knappen på Marøy for å gje dei kunnskap om korleis det var å leva i eit okkupert land. I år ville vi markera at det er 65 år sidan andre verdenskrigen tok slutt, og med «primus motor» Unni Helle Nordberg i spissen, sette vi i gang med planlegginga av markeringa. Sidan 8. mai i år fall på ein laurdag, såg vi det som naturleg å arrangera markeringa fredag 7. mai. Vi inviterte òg Austebygd skule til å vera med, og elevane på 5.-7. trinn frå dei deltok. Urnelunden ved Hordabø kyrkje var ein naturleg stad å byrja, då denne vart laga for å heidra dei mennene frå bygda som gav livet sitt under krigen. Flaggheising

hildhaugen på Kvalheim, der minnesmerket over motstandsarbeidet, englandsfarten og norske deltakarar i allierte styrkar står. Unni har etter at minnesmerket på Ragnhildhaugen kom opp, vore ein av dei sentrale personane under markeringa



der kvar 17. mai. Ho har god kontakt med krigsveteranane og ei rekkje andre personar som nyttar mykje tid til å arbeida for bl. a. deira sak. Ein av desse er kontreadmiral Egil Eikanger og vi var så heldige at han kunne koma og leia arrangementet på Kvalheim. Frå Radøy kommune møtte ordførar Jon Askeland. Han heldt ein fredsappell, der budskapet til elevane var at dei må vera greie med kvarandre og ikkje mobba. Det er ein føresetnad, dersom ein skal greia å

ket. Krigsveteranane John Pettersen og Nils O. Vågenes var flaggvakter og Ingeborg Skagenes var gjest. Til slutt las Julie Taule Lilletveit og Rebecca Granhei Skog frå 7. trinn ved Hordabø diktet «Vær utålmodig menneske» av Inger Hagerup. Det var òg musikkinnslag ved orkestergruppa, leia av Johannes Mangersnes. Etter den offisielle seremonien fekk elevane fredsmarsjmerke, utdelt av Jon Askeland og Egil Eikanger. Dei fekk og hotdog og saft og det var kaker og kaffi til dei vaksne. Karstein Vågenes var til stades og heldt smia open og elevane fekk sjå smeden Alf Svenheim i aksjon. Det vart ei minnerik stund i eit flott vårver, og vi håpar at elevane vil hugsa og ta lærdom av å ha vore med på arrangementet.

ved Arne Villanger og elevrådsleiar Elvir Muratovic innleia seremonien, medan ei orkestergruppe samansett av musikanter frå Hordabø skulemusikklag og Old Star Brass spelte «Ja, vi elsker». Deretter heldt rektor Jostein Borlaug ein minnetale, der han la vekt på å presentera lagnaden til desse unge mennene som kom vekk under krigen, og at det er viktig at dei unge i dag lærer seg å setja pris på at dei får leva i eit land som er fritt.

Til slutt var det blomsternedlegging på Urnelunden, der to jenter frå 1. trinn la ned blomar. Begge jentene har slektskap til nokre av dei som kjempa for eit fritt Noreg under krigen. Etter seremonien ved Urnelunden gjekk elevane og vaksne fredsmarsj til Ragn-

bevara freden mellom menneska. Elevar frå Hordabø og Austebygd skular la deretter ned blomar på minnesmer-



Kommunale gebyr

Faktura på kommunale gebyr og eigedomsskatt for andre termin 2010 vert sendt ut i byrjinga av juli, med forfall 31.7.2010.



Program for kystsogeveke i Radøy 2010

Kystsogeveke er ei årleg stormønstring av arrangement i 20 kystkommunar, frå Sveio i sør til Gulen i nord, med fokus på tradisjonell og moderne kystkultur. I år vert kystsogeveke arrangert i perioden frå 14. august til 19. september. Den offisielle opninga av kystsogeveke i Radøy er lagt til Skjærgårdsfisk visningssenter i Marøy 15. august.

Søndag 15. august:

Offisiell opning av kystsogeveke i Radøy, Skjærgårdsfisk visningssenter i Marøy kl. 14.00
Gudsteneste i gamal stil i Hordabø kyrkje kl 11.00

Måndag 16. og fredag 20. august:

Ope på klyngetunet på Kartveit kl. 19.00

Sundag 22. august:

Prøv fridykking, Toskavegen kl. 12.00-16.00. Påmelding.

Tysdag 24. august:

Halling for born mellom 5 og 9 år, samfunnshuset Skogen Sletta kl. 17.00-19.00

Onsdag 25.-fredag 27. august:

Skuleklasse på Bogatunet

Onsdag 25. august og onsdag 1. september:

Ta roknappen, Sæbøvågen kl. 18.00-ca. 20.30

Laurdag 28. august:

Konsert med Heimalanne, utescena i Solheimåsen om kvelden
Radøy motorsamling held ope kl. 11.00-16.00

Søndag 29. august:

Grilltreff, Sletta kai kl. 15.00

Fredag 3. september:

Open Smie på Kvalheim kl. 18.00-21.00

Laurdag 4. september:

Didj-symposium!, Midgard v/Øvre Manger, kl. 12.00-18.00. Påmelding.

Søndag 5. september:

Mat frå fjæra, Toskavegen kl. 15.00-18.00. Påmelding.
Familiefiskekonkurranse, Slippen i Sæbøvågen kl. 12.00-17.00. Open kafé.
Jubileumsbasar, Hella skulestove kl. 16.00

Søndag 12. september:

Gamleskolen på Nordanger er open, kl. 10.00-17.00

Onsdag 15. september

Bruk og misbruk av naturen, Kinosalen på Manger kl. 19.00

Torsdag 16. september:

Knutar og spleis!, Midgard v/Øvre Manger kl. 17.00-20.00. Påmelding.

Laurdag 18. september:

Torgdag i Manger senter kl. 10.00-15.00
Jordkjellarar i vest - eit dokumentasjon- og opplæringsprosjekt, Nordanger kl. 12.00-16.00
Dansegalla med Lasse Stefanz og Face 84, Radøyhallen kl. 19.00-01.00

Laurdagar og søndagar 12.00-16.00 frå 4. september til og med 10. oktober

Utstillinga Unexpected Meeting with Reality (Uventa møte med røynda)

Me gjer merksame på at programmet ovanfor viser alle arrangement som var melde innan 1. juni. Det kan ha kome fleire arrangement seinare. For meir informasjon om kystsogeveke, sjå kulturkalenderen på Radøy kommune sine nettsider (www.radoy.kommune.no/kulturkalender), nettsidene www.kystsogeveke.no, plakatar og avisannonsar. Alle husstandar vil også få fellesprogrammet som viser arrangementa i alle dei 20 deltakarkommunane i postkassen.

Ynskjer de å ha eit arrangement under kystsogeveke 2010?

Dersom de ynskjer å ha eit arrangement under kystsogeveke, kan de senda ein e-post til postmottak@radoy.kommune.no eller kontakta Sørvistorget på tlf. 56 34 90 00.

Solheimsvika - badeplassen i Radsundet



I Radøy kommune har me ein badeplasse og friområde som mange ikkje kjenner til. Dette er Solheimsvika ved Austmarka bustadfelt. Det er god turveg ned til området frå fotballbana i Austmarka og her er det god parkeringsplasse. Sidan badeplassen er nordvendt, kan det vera kald trekk med nordavind her, men det gjer òg at sola er lenge her om kvelden.

Radøy kommune fekk i 2009 kr 70.000 av Hordaland fylkeskommune til utbetring av tilkomstvegen til Solheimsvika. Framover er det Bergen og Omland Friluftsråd som skal drifta dette området i samarbeid med Radøy kommune.

Området i Solheimsvika skal på sikt oppgraderast meir. Mellom anna skal toalettforholda gjerast betre, og dei siste 50 metrane av stien før ein kjem ned til badeplassen skal utbetrast, slik at menneske med funksjonshemming skal få betre tilgang til området. På sikt skal ein og skjøtta skogen omkring og tynne den ut slik at bærlyng og soltilbedarar skal få betre soltilhøve. Då vert skogsområdet omkring meir som ein park.



Nye barnehageleiarar i Sæbø og Bø barnehagar



Tony Vetaas er tilsett som styrar/einingsleiar i Sæbø barnehage, og tek til i stillinga 1/8-2010. Tony har vore styrar i Bø barnehage i 13 år og er no klar for å utvikle barnehagen på Sæbø saman med personalet, borna og føresette. Tony som no er 40 år, er utdanna førskulelærar frå Høgskulen i Bergen og har også utdanning innan organisasjon og leiing og i bedriftsøkonomi.



Gro Håland tek til som ny styrar/einingsleiar i Bø Barnehage frå 1.8.2010. Gro har vore nestleiar i barnehagen og pedagogisk leiar sidan 2002. Tidlegare har Gro også arbeidd som pedagogisk rettleiar for familiebarnehagar i Fjell kommune. Gro er 33 år og utdanna førskulelærar frå Høgskulen i Bergen og har eit grunnfag i pedagogikk frå Norsk lærarakademi. Gro ser fram til å vidareutvikle Bø barnehage med ny avdeling og endringar i bygningsmasse og uteområde.

Justeringar av opningstidene i barnehagane

Radøy kommune har registrert at ein del av brukarane er misnøgde med opningstidene i barnehagane.

Kommunestyret har drøfta saka og gjort slikt vedtak:

Radøy kommune set i gong lokale prøveordningar med utvida opningstid i den einskilde barnehagen frå barnehageåret 2010/11, innanfor følgjande rammer:

Forsøket gjeld tidleg start (tidlegast kl 07.00)

- Ingen barn får utvida opphaldstid
- Dei foreldra som skal delta i ordninga, må gjera personleg avtale med barnehagen
- Prøveordninga må løysast innanfor kvar einskild barnehage sine budsjett-rammer

Formannskapet fastset ei minimumspåmelding for at ordninga skal kunna innførast. Vinteren 2010/11 må ordninga vurderast, med sikte på avvikling/vidareføring/tilpassing.

Vi ber om at foreldre som er interesserte i å nytta seg av ordninga, tek kontakt med barnehagen sin for nærare informasjon.



Nye namn/endring av namn på vegar i Radøy

Kommunestyret har 20. mai vedtatt følgjande **nye** namn på adresseparsellar:

- Mangerøyvegen (sideveg frå Toskavegen)
- Skjenet (på indre Hella)
- Hellevarden (på Hella)
- Kuvågen (på Kvalheim)
- Ospeneset (i Rossneset)

Kommunestyret vedtok også følgjande **endringar** i adresseparsellar:

- Veg til Hellanaset får endra namn til Hella
- Ystebørinden får endra namn til Ystebørenen
- Presthagen og Solhallvegen (båe på Manger) vert nedlagt som adresseparsellar

Ledige plassar i barnehagane

Det er no nokre ledige plassar i barnehagane på Radøy, unntakte Prestmarka, men inkludert Dale. Ta kontakt med aktuell barnehage for nærare opplysningar

Omlegging av betalinga i SFO

Betalinga i skulefritidsordninga vert endra frå nytt skuleår hausten 2010, slik at ho tilsvarar ordninga i barnehagane. I den nye ordninga betalar ein for vekedagar, etter denne normen:

Inntil	3 d/v	kr 1.400
	4 d/v	kr 1.800
	5 d/v	kr 2.150

i 10 eller 11 månader.

Det vert framleis gjeve søskenmoderasjon med 30 %.

Barne- og familietenesta

Helsestasjon – Jordmor
Støttekontakt/avlastning
Psykiatritenesta
Barnevern
PPT

Sentralbordet tlf. 56349280 har frå mai 2010 redusert opningstid. Vi svarar telefonen kl. 08.00 – 11.30 og 12.30 – 14.30

Vestnorsk utvandringssenter arrangerer

Utvandringfestival på Sletta 3. og 4.juli.

Laurdag 09.00 - 14.00 - fagprogram
Laurdag 17.00 - 18:00 - æressermoni
Laurdag 19.00 - 22.00 - bankett
Sundag 11.00 - Norsk-Amerikansk gudsteneste

Sommaravslutning

i musikk- og kulturskulen med utstilling og konsert

Onsdag 2. juni hadde musikk- og kulturskolen (RMK) sommaravslutning. Konserten og utstillinga var på Hordabø skule. Konserten hadde flott opning med song av Johnny Mellingen (bilete). Vidare hørte mange innslag av elevar på ulike instrument i flott samspel. Vi fekk høyra elevar i alle aldrar som var godt førebudde til konserten. Det var elevar på piano, gitar, keyboard og song, og dessutan blåseelevar på fløyte og messing. To fløyte-trio-grupper, tangent-trio, solistar på messing m.m. I pausen fekk publikum høve til å sjå nærare på kunstutstillinga. Førsteårs aspirantane frå Manger opna andre avdeling med tema frå Karius og Baktus, melodiose «My heart will go on» og det artige stykket «Sheperd's hey». Elevane som deltok på avslutninga var eit liten del av elevane som går i RMK og representerte alle fire skulekrinsane.



Bilete laga av: Espen Sylta, May Iren Sylta og Marte Myksvoll



Johnny Mellingen syng, Jens Holstad, lærar på keyboard



Oskar Brattetaule, euphonium, 10 år

Radøy musikk- og kulturskule (RMK) startar opp skuleåret 2010/2011 onsdag 18. august. Lærarane informerer. Høve til å gjera timeavtale. Merk av datoen allereie no. Eige skriv kjem ved skulestart til alle elevane i RMK.



Ledige timar i musikk- og kulturskolen
Kunsttilbod for elevar frå 8. trinnet og oppover tysdagar på Hordabø 18.00 – 19.30. Kursa kan gå i 10 veker bolkar. Ta kontakt med kulturskolen for meir info og påmelding: Ann C. Hoen mobilnr: 908 43 576

Radøy gjennom tidene, bind 3

Bind 3 av bygdeboka for Radøy, «Radøy gjennom tidene», vert ferdigstilt til hausten. Førabels publiseringdato er sett til 1. november 2010. Dette bindet skal omfatta gardane frå gnr. 41 Floni til gnr. 62 Kolås. Det vil verta tatt flyfoto av desse gardane til bruk i bygdeboka i løpet av sommaren. Bind 1 (gnr. 14 Soltveit til gnr. 26 Listveiten) og bind 2 (gnr. 27 Kvalheim øvre til gnr. 41 Børkjeland) av bygdeboka er til sals mellom anna på sørvistorget og i lokale bokhandlarar for kr. 500. Send ein e-post til postmottak@radoy.kommune.no om du ynskjer å tinga det eine eller begge binda.

Prøv vår nyhet:
TAPAS
Radøy MatSørvis
Ring og ting:
56 34 91 94

Radøy kommune
ønskjer alle

god sommar

Drømmestipendet 2010 til Lydia Hoen Tjore

100 nye kulturta-
lent i Noreg fekk
i juni drøm-
mestipendet på
kr. 10 000. Det
var i år sendt
inn framlegg på
kandidatar frå 249
kommunar, og av
desse vart 100 val-
de ut. Lydia Hoen
Tjore var ei av
dei som i år fekk
drømmestipen-
det. Dette er sju-
ande år på rad at
Norsk Tipping og
Norsk kulturskole-
råd samarbeider
om å dele ut ein
million kroner til
talentfull ungdom
i 100 kommunar.

Radøy kommune

har sendt inn ein kandidat kvar av desse
åra og har tidlegare fått tildelt drømmes-
tipend til Erlend Vetås Aagaard-Nilsen
(2004) og Marit Drivenes (2008).

Dei som mottek stipend er born og
ungdom under 20 år som utøver ulike
kulturelle uttrykk, som til dømes dans,
musikk, teater, sirkus eller visuell kunst.
Målet med stipendet er at mottakarane
skal få motivasjon til å utvikle seg vidare
og høve til å få oppfylt nokre av sine kul-
turdraumar. Stipendet kjem godt med



Ordfører Jon Askeland overrekkjer drømmestipendet til Lydia

til vidareutvikling av talentet. Lydia skal
etter opptaksprøve delta på sommarkurs
ved Den nye opera; Academy for singers
i Bergen i veke 24 og reiser til Italia tre
veker i juli på International Lyric Aca-
demy. Ho skal der også synge Barbarina i
Opera in Concert, Figaros bryllup.
Stipendet var delt ut på Radøy kultur-
skule sin sommarkonsert onsdag, 2. juni
2010 på Hordabø skule. Vi gratulerer!!
Les meir om drømmestipendet på:
www.drommestipendet.no



Sommar i biblioteket!

Skulle vind, regn eller låge temperaturar
true sommarferien, er det ingen grunn
til å fortvile - biblioteket heldt ope!
Kvar måndag og onsdag i juni, og kvar
onsdag i juli, ligg samlingane klare for
dei som vil gå på skattejakt i hyllene! Lyst
til å gjenoppleve Anne frå Bjørkely på
film? Du finn ho på DVD i biblioteket! Gå
ein tur med Lars Monsen? Han finn du
både i bok og på film! Hive deg i hengje-
køya med ein pocket? Seriane står klare
i biblioteket! Lage noko godt av ferske
jordbær, men manglar oppskrift? Den
finn du hos oss!

Velkommen til sommarbiblioteket!



Kandidatar til kulturprisen

Kulturstyret i Radøy vil også i år dela
ut kulturpris. Kulturprisen skal gå
til einskildpersonar, grupper eller
lag med tilknytning til kommunen,
og vert gjeven for aktivt, friviljug
kulturarbeid over lengre tid, eller for
fortenestefulle einskildtiltak innafør
det utvida kulturomgrepet.

Alle innbyggjarar i Radøy kommune
kan koma med framlegg på kandi-
datar. Framlegga skal sendast til

Radøy kulturstyre
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Du kan òg senda framlegget på
e-post til
postmottak@radoy.kommune.no.

Dei som har kome med framlegg
og kandidatar som ikkje når opp,
får ikkje namna sine offentleggjort.
Framlegga skal vera skriftlege med
grunngeving.
Frist for å koma med framlegg vert
sett til **1. august 2010**.

Følgjande har tidlegare fått kultur-
prisen for Radøy:

- 1985: Petter Johan Ottesen
- 1986: Sivert Halland
- 1987: Manger musikklag
- 1988: Nils Gjerde
- 1989: Klara Skage
- 1990: Gunnstein Kolstad
- 1991: Arne Villanger
- 1992: Nils Skjelanger
- 1993: Mally Kjeseth
- 1994: Sven Hermansen
- 1995: Rolf Haugland
- 1996: Olav R. Tjore
- 1997: Oddmund Skjelvik
- 1998: Bård Kolflåth
- 1999: Knut Kopperdal
- 2000: Berit Kvalvik
- 2001: Tommy Urhaug
- 2002: Ingebjørg Møllerup Kolstad
- 2003: Meinert Helland
- 2004: Magnar Fjeld
- 2005: Manger skulemusikklag
- 2006: Guttorm Storheim
- 2007: Manger folkehøgskule
- 2008: Kåre Håland
- 2009: Steinar Vågenes

Kulturdagane i Radøy 2010

Kulturdagane i Radøy i 2010 gjekk over ni dagar, frå 16. til 24. april. I løpet av desse dagane var det heile 35 arrangement, som samla kring 2000 besøkjande i alt.

Radøy kommune konkluderer med at det var ei vellukka mønstring av kulturarrangement, og ynskjer å retta ei takk til alle som deltok, anten som arrangørar eller besøkjande! Me ser fram til nye kulturdagar i 2012!



Marknadsdag i Sæbø barnehage

Den 22. april hadde me marknadsdag i Sæbø barnehage. Til denne dagen hadde me mange førebuingar i lang tid på førehand. Born og vaksne laga smykke, såpe, malte på speil, laga lys, malte på koppar, trykte på grillvottar, kjøleskapsmagnetar, nøkkelhanker m.m. som me skulle ha for sal denne dagen. Me skulle òg ha lotteri. Her var foreldra svært flinke til å selje lodd for barnehagen. Og ikkje minst fekk me inn masse flotte premiar frå foreldra. Foreldra baka kaker som me selde i kafeen. Hotdoggane som me hadde for sal gjekk ned på høgkant. Mange foreldre gav uttrykk for at dette var svært koseleg og at me skulle gjort dette fleire gonger. Denne gongen gjekk all inntekt frå marknadsdagen til uteutstyr til Sæbø barnehage. Og at det blir fleire gonger med Marknadsdag?, ja da trur me. For dette har vore kjekt for både born og vaksne i barnehagen. Me fekk inn 25 000 kr etter utgiftene me hadde vart dekkja inn, noko me var svært nøgde med. Til slutt vil me takk foreldra som var så utruleg flinke å stille opp for denne marknadsdagen. Det var godt for oss som personale å få oppleve all velviljen frå deke når me skulle gå i gang med planlegginga og gjennomføring av dagen. Heilt utruleg flott. Tusen, tusen takk!!

Helsing
personalet i Sæbø barnehage

Minnemynt og krigshistorie

Ein kan læra om andre verdskrigen på mange måtar. Ein er å gå til bøkene. Ein annan er å sjå filmar eller samtale med nokon av dei som fortsett lever og som opplevde krigsåra i Noreg. Ein tredje måte er å gå i biblioteket og kikke på minnemyntar. Takka vere Robert Mangerøy, krigsveteran og motstandsmann, er minnemyntsamlinga om andre verdskrigen som var i hans eige, no gitt i gåve til Radøy kommune og tilgjengeleg for innbyggjarane i kommunen. Myntsamlinga, som vart avduka av ordførar Jon Askeland i samband med Kulturdagane, fortel i bilete og tekst om dei viktigaste krigshendingane i Noreg frå 1940 til 1945. Radøy bibliotek som har fått æra av å huse samlinga, og Radøy kommune, nyttar igjen høvet til å takka familien til no avdøde Robert Mangerøy, for den flotte gåva. Me vonar at alle som interesserer seg for krigen og hendingane den gongen, tar ein tur innom Radøy bibliotek og kikkar på samlinga!



Fredsfeiring ved Manger skule

1.- 4. klasse hadde markering av fred i 65 år torsdag 6. mai om ettermiddagen. Elevar og foreldre møtte fram på skuleplassen saman med dei tilsette. Elevane stod flott oppstilte i amfiet medan dei song, spelte blokkfløyte og hadde opplesing av tekstar om fred. Deretter gjekk alle fredsmarsj på «Steppene», vegen utover marka mot Birkelandsvågen. Alle gjekk ut under fakkelborga som foreldra heldt. Lenger ute var det ein stempelpost, der alle fekk stempel på handa. Så gjekk dei tilbake til skulen der det venta kaker og drikke til alle. Det var mange blide fjes å sjå denne ettermiddagsstunda der dei gjekk heim med blinkande fredsmedaljar kring halsen.



oss på turen. Ho fortalde om innsatsen familien i Skageneset gjorde under krigen og om farane og spenninga dei levde i for å hjelpa 114 flyktningar over til England. Ho fortalde med innleving og elevane var lydhøre under historietimen. Bålet var snart på plass og grillmaten smaka godt. Etter maten vart det gøymespel, utforsking av fjøra og anna leik til det var tid å gå tilbake til skulen.

5.-7. klasse markerte freden med ein turmarsj til Skageneset fredag 7. mai i skuletida. Dei hadde grillmat, drikke og vedkubbe i sekken og gjekk utover med godt humør. Det var blå himmel og vinden løya, så det vart den varmaste dagen så langt denne våren. Den nye bryggja vart ei fin ramme og ein god opphaldstad for samlinga ved sjøkanten. Avtroppa rektor, Hanna Sundal, var med



TineStafett

Ti elevar frå 6. og ti elevar frå 7. klasse frå Manger skule reiste til Knarvik 12. mai og sprang TineStafetten. Laget i 6. klasse kom på tredje plass medan 7. klasse kom på sjetteste plass. Elevane var svært begeistra over resultatet og dei hadde ein kjekk dag der dei fekk møta jamaldringar frå dei andre skulane i Nordhordland og Bergen Nord.

Sykkeldag i 5. og 6. klasse Manger skule

19. mai hadde me den årlege sykkel dagen. Den begynte med felles samling i gymsalen. Elevane i 5. og 6. klasse hadde sjekka syklane sin tekniske stand før dei kom på skulen. Politiet såg til at alt var i orden med bremsar, lykter og refleksar. Hjelman måtte også vera på plass og i stand. Dei stod så i kø for å gjennomføra ferdigheitsløype på skuleplassen. Etter teoriprøve i klassane, gjekk dagen vidare på sykkelløype i Manger sentrum. Der var det mykje å passa på med bilar, fotgjengarar, vikeplikt og vising av teikn ved svinging. Elevane var kjempeslinke! To av dei flinkaste elevane skal reisa til Bergen til hausten på sykkelløp for skulane i Hordaland.

Fadderordning ved Manger skule

5. klasse er fadrapar for dei nye førsteklassingane. Fadderordninga gjer at store og små vert betre kjende med kvarandre. Dei leikar saman inne og ute, lagar formingsting saman og går turar av og til. Etter kulturtimen inviterte 5. klasse dei nye elevane på vaflar og saft og viste dei så rundt på skulen. Det er eit stort bygg med mange rom og lange gongar for 5-6-åringane. Og så er det nyttig å vita kor ein finn WC, f.eks. Elevane i 5. klasse gjer ein god jobb med dette kvart år. Elevane gler seg, og dei som er yngre reknar på når det er deira tur. Den 21. mai hadde dei førskuledag. Då hadde dei heile gamleskulen for seg sjølv i fire timar og fekk eit første møte med korleis den nye kvardagen på skulen kan verta. Då håpar me på skulen at borna vert meir trygge gjennom sommaren når dei veit og har sett kva dei skal møta i august.

Har du bilete du ynskjer å visa fram?

Radøy kommune ynskjer å ha eit større utval av bilete til bruk på nettsidene, i første rekkje til felte øvst på sida. Har du gode bilete frå Radøy, kan du senda dei til postmottak@radoy.kommune.no så vil me vurdere om dei kan nyttast til dette formålet. Bilete av natur, offentlege stader eller folkeliv er å føretrekka. Bilete av einskildpersonar eller frå private samkome, kan me ikkje nytta. Personar som lett kan gjenkjennast på bileta, må ha samtykka til at biletet vert publisert.

Namnet på fotografen vert gjort kjend i teksten som kjem fram når du heldt musepeikaren over biletet.

Kva er nytt i ny plan- og bygningslov?



Byggesaksdelen til ny plan- og bygningslov trer i kraft frå 1. juli 2010. Med den kjem det også to heilt nye føresegner, Forskrift om byggesak og Teknisk forskrift.

Intensjonen bak lov og føresegn er forenkling, effektivisering, betre kvalitet i byggesaker og klårare ansvar ved avslutning av saker. Dei viktigaste materielle elementa i den nye lova er kravet om bygg som er tilgjengeleg for alle (universelt utforma), klårare tekniske krav og meir miljøvenlege bygg. Det er innført eit nytt system for søknad. Eit byggetiltak er no enten søknadspliktig eller unntatt frå søknad. Dei søknadspliktige tiltaka er delt inn i tiltak der det er krav om ansvarleg føretak og tiltak der det ikkje er krav om ansvarleg føretak. Reglane om meldepliktige tiltak og enkle tiltak er fjerna.

Driftsbygningar i landbruket har vorte søknadspliktige tiltak. For driftsbygningar opp til 1000 kvm er det ikkje krav om ansvarleg føretak. Tiltakshavar kan då sjølv stå for søknad og oppføring. For oppføring av større landbruksbygg er det krav om ansvarleg føretak. Nytt i lova er søknadsplikt for våtrom i eksisterande bustad og for installering av peis/ovn og pipe.

Frist for sakshandsaming av søknad om tiltak, der det ikkje er trong for dispensasjon, er som tidlegare 12 veker frå komplett søknad er motteken. Søknadspliktige tiltak der nabo ikkje har protestert, samtykke frå anna mynde ikkje er naudsynt og tiltaket er i samsvar med

lov, føresegn og plan, skal handsamast av kommunen innan tre veker.

Frist for å handsame førespurnad om ferdigattesten er auka til tre veker.

Samstundes er krava til dokumentasjon skjerpa. Bruken av mellombels bruksløyve skal reduserast.

Dei nye krava til bygg som er tilgjengeleg for alle (universelt utforma) har vekt store diskusjonar i høyringsrundane.

Reglane som no er vedtekne i lov og føresegn tilseier at det skal stillast krav til universell utforming i bustader der

stove, soverom, kjøkken og bad er plassert på hovudplanet. Dette inneber mellom anna krav om handicap-bad i private bustader og trinnfri tilkomst. For å få meir miljøvennlege bygg vil det frå 1. juli vere krav om at minst 40% av energibehovet til oppvarming av bustad skal skje ved fornybare energikjelder. Det vil seie noko anna enn straum, olje, gass og kol.

Betre kvalitet i byggesaker skal sikrast gjennom styrka kontroll, tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak. Kommunen si plikt til å føre tilsyn og forfølgje ulovleg tiltak er skjerpa inn, og det er innført strenge sanksjonar mot ulovlege tiltak i form av lovbrotsgebyr, med ei øvre ramme på kr 400 000. Samstundes er strafferamma for ulovlege tiltak auka. Nye skjema for søknader etter plan- og bygningslova skal etter planen liggja føre innan lova trer i kraft.

Statens Bygningstekniske Etat gir god informasjon om dei nye byggjereglane på heimesida www.be.no. Lov og føresegner er tilgjengelege på www.lovdatab.no.

Opningstidar i sommar

Grunna ferieavvikling, vil tenestetilbodet vere redusert på eining for plan, næring og teknisk i sommar: Planavdelinga er stengt i veke 28, 29 og 30.

Byggesaksavdelinga er stengt i veke 29 og 30. I veke 27 og 28 vil byggesak ha ope dagleg frå klokka 08.00 til 11. Tlf frå kl. 08.30.

Oppmålingskontoret og landbrukskontoret er ope i heile sommar.



Tore Rikstad

har gått over frå stilling som senioringeniør byggesak til kommuneingeniør

med verknad frå 1. mai 2010.

Kommuneingeniøren er tilknytt eining for plan, næring og teknisk, som rådgjevande ingeniør for alle fagområde ved denne eininga. Han vil samstundes ha ansvar for drift og vedlikehald av veg, vatn, avløp og kommunale bygg. Rikstad har vore tilsett i Radøy kommune i to periodar på til saman 17 år, siste periode frå 2002.

Radøystova

på Pletten (Sletta) har av kommunestyret fått tildelt serverings- og skjenkeløyve for selskapslokale og for uteareal. Løyvet gjeld for slutta selskap der servering av mat er ein del av programmet. Løyvet gjeld fram til 30.6.2012 og Janne Pletten er dagleg leiar og skjenkestyrar.

Søknad om tilskot til

spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL

Frist for å søkje om midlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket, SMIL, er sett til **1. juli** i Radøy kommune. Søknader som kjem inn seinare enn dette vert først handsama til neste år.

Det skal søkjast på eige skjema. Skjemaet kan ein finne på Statens landbruksforvaltning sine nettsider, www.slf.dep.no, eller ein kan få skjemaet på landbrukskontoret. Landbrukskontoret kan også skrive ut aktuelle kart for søknad om SMIL-midlar, og hjelpe til i samband med søknaden.

Til grunn for prioritering av søknadene, ligg tiltaksstrategien som er vedteke for bruken av SMIL-midlane i Radøy kommune.

Meir informasjon om denne tilskotsordninga kan ein få ved å lese på Statens landbruksforvaltning sin nettside www.slf.dep.no, eller ved å ta kontakt med landbrukskontoret.

Bustønad

Bustønad er ei statleg, økonomisk støtteordning for dei som har høge buutgifter og låg inntekt.

Kven kan søkja om bustønad?

Har du høge buutgifter og låg inntekt, kan du kvalifisera for bustønad. Alle over 18 år kan få bustønad, med unntak av studentar utan barn og militære. Desse har eigne ordningar.

Bustaden du søker bustønad for, må vera godkjent heilårsbustad. Storleiken på bustønad er tilpassa dei reelle utgiftene og inntektene til husstanden.

Behovsprøving

Bustønad er behovsprøvd, og det er skattbar inntekt frå siste tilgjengelege likning som vert lagt til grunn. Alle som har låg inntekt og høge buutgifter bør difor ta kontakt med Barne- og familietenesta i Radøy kommune, tlf. 5634 9280, og høyra om ein har rett til bustønad. Kontaktperson er Anne-Alise Thomassen.

Søknad

Bustønadsskjema finn du på Radøy kommune si heimeside: radoy.kommune.no eller på sørvistorget i rådhuset. Søknad vert å senda Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger. Merk konvolutten "Bustønad". Søknadsfristen er den 14. i kvar måned, og bustønad vert utbetalt ca. den 10. i kvar måned. Meir informasjon om bustønad kan du finna på Husbanken sine nettsider: husbanken.no. Der kan du og laste ned søknadsskjema.

Startlån

Startlån er ei behovsprøvd låneordning som skal medverka til at husstandar med svak økonomi skal kunna skaffa seg ein nøktern og eigna bustad. Aktuelle målgrupper er:

Husstandar med svak økonomi som t.d. unge i etableringsfasen, barnefamiljar, einslege forsørgjarar, funksjonshemma, flyktningar og andre som har problem med å etablere seg i bustad.

Startlån kan nyttast til kjøp av bustad, bygging av bustad og utbetring av bustad. For å få tildelt startlån i Radøy kommune, må ein ha tilsegn på hovudlån i ordinær bank.

Meir informasjon om startlån kan du finna på Husbanken sine nettsider: husbanken.no Der kan du og laste ned søknadsskjema. Kontaktperson i Radøy kommune er Leif Taule, tlf. 5634 9000.

Bustadtilskot

Bustadtilskot til etablering i eigen bustad er strengt behovsprøvd i forhold til økonomisk situasjon. Berre dei aller mest vanskelegstilte kan rekna med å få bustadtilskot. Kor mykje tilskot som vert gjeve, har samheng med bustadbehov, husstanden sin økonomi og kva andre offentlege støtteordningar som er aktuelle t.d. bustøtte.

Tilskot til utbetring/tilpassing av bustad vert gjeve for å gje bustaden ein høgare standard enn tidlegare t.d. energisparande tiltak, eller for å gjera den meir eigna til å ivareta spesielle behov, t.d. funksjonshemming. Ordninga er behovsprøvd i forhold til økonomisk situasjon.

Nærare opplysningar om tilskotsordningane får ein hjå NAV Radøy. Kontaktperson er Inger Morken, tlf. 5634 9000

Oppnemning av utval for ivaretaking av born og unge sine interesser i planlegginga

Plan- og bygningslova av 1985 hadde ei ordninga med lovpålagt val av bornas representant. Den nye plan- og bygningslova av 27. juni 2008, som vart iverksett 1. juli 2009, har gått bort i frå ordninga med bornas representant, og overlet til kommunane å vurdere kva ordning som best tek i vare omsynet til born og unge i planprosessen. I den nye lova er krava til, og verkemidla for, å ta i vare born og unge sine interesser i planlegginga styrka. Omsynet til born og unge er no teke inn direkte i lova si formålsparagraf. Alle som fremmar planar, private, kommunar, regionale mynde og andre offentlege instansar, skal etter lova ta omsyn til born og unge i planlegginga, og må leggja til rette for gode bumiljø, og gode oppvekstvilkår og levekår. Der som det oppstår konflikt om eit areal, skal borna sine interesser gå føre andre interesser. Lova stiller også krav til å sikre medverknad frå born og unge. Rådmannen såg at ordninga med borna sin representant var lite eigna til å gje bredde i vurderingane og rådde difor til at det vart oppnemnd ei gruppe bestående av éin representant frå barneskulen, éin frå ungdomskulen, éin frå barnehagane og éin representant frå barne- og familietenesta. I ei slik gruppe er alle alderstrinn frå 0 til 18 år representerte. Kommunestyret i Radøy har vedteke ei slik ordning. Gruppa skal fungere som ei arbeidsgruppe i planprosessen og eit særskilt høyringsorgan for plansaker. Ei slik ordning er i samsvar med Miljøverndepartementet si tilråding om å leggja til rette for eit diskusjonsforum og støtteapparat for den som skal ivareta born og unge sine interesser. Leiar i gruppa skal kallast inn, og har møte-, tale og protokolleringsrett i politiske organ når desse handsamar saker etter plan- og bygningslova.

Dei som er oppnemnde til gruppa er:
Frå barnehagane Rita V. Amundsen
Frå barneskulane Rolf Sandstad
Frå ungdomskulen Tore Morland
Frå barne- og familietenesta Tove Linn Øren
I tillegg kjem éin representant frå ungdomsrådet.

Føreskrift om sikring av hund i Radøy kommune med heimel i lov av 4. Juli 2003 nr. 74 Om hundehald, §§ 6, 9 og 11

§ 1. Føremål

Radøy kommune vil med denne føresegna leggja til rette for eit hundehald som vektlegg tryggleiken for husdyr, vilt og folk, og som medverkar til eit positivt og samfunns-gagnleg hundehald som reduserer konfliktnivået mellom hundeeigar og ålmenta.

§ 2. Verkeområde

Føreskrifta omfattar reglar for sikring av hund og kjem i tillegg til dei ordinære bandtvangreglane.

§ 3. Generell bandtvang

I tida frå og med 15. mars til 1. desember skal hundar i Radøy kommune haldast i band eller forsvarleg innestengt.

§ 4. Sikring av hund

Utover påbodet i § 3 skal hundar haldast i band, forsvarleg innestengt eller inngjerda heile året på følgjande stader:

- I tilknytning til bustadområde, hytteområde, handleområde og på og i nærleiken av alle offentlege område som t.d. skular, barnehagar, vegar, badeplassar, leike- og idrettsanlegg, parkar, kyrkjeområde og friområde.
- I tilknytning til alle landbruksområde i Radøy kommune frå gnr. 18-103, men med unntak i samanhengande våtmarks- og skogsområde som Skageneset-Urhaug, Vågsbotn (Vaulen)-Haukåsen, Skaråsmyra-Fesøysundet, Vetåsfjellet og Villøyne. Der det går beitedyr i desse geografisk nemde områda, skal hundar haldast i band uansett når på året det er.
- På merka turstiar til Vetåsfjellet (Grønfjellet), Skageneset og Lommetjørni skal hundar haldast i band.

§ 5. Unntak frå sikringsreglane

Dressert bufehund i arbeid og teneste.

Tenestehundar i aktivt arbeid som politihundar/bergingssteneste, og formål etter §9. Godkjente førarhundar som treng rekreasjon kan sleppast laus under kontroll der det ikkje er husdyr.

Hund i bruk under jaktprøve, jakt og i aktivt ettersøk av skada/påskote hjortevilt.

Desse hundane skal vera dokumentert sauerleine.

Dressurområde for hundar som Radøy kommune har godkjent etter gjeldane lovverk. Kurs, trening og arrangement i regi av ein organisert hundeklubb der grunneigar har gjeve skriftleg løyve/godkjenning. Hundeklubben skal vera tilknytta Norsk Kennelklubb eller Norges Jeger- og Fiskeforbund. Dette skal skje på ein aktsam måte og ikkje vera i strid med viltlova.

§ 6. Forsøpling og opptak av laushundar

Ekskrement som hund legg frå seg på offentlig stad og på område tilgjengeleg for ålmenta i tettbygde strøk og på friområde, skal straks fjernast av den som fører hunden. Hund som er laus i strid med føreskrifta kan opptakast i samsvar med § 10 i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald.

§ 7. Dispensasjon

Kommunen kan etter søknad dispensera frå føreskrift §3 og §4.

§ 8. Straff

Brot på denne føreskrifta er straffbart, jf. lov av 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald § 28.

§ 9. Trer i kraft

Denne føreskrifta trer i kraft frå det tidspunkt den er kunngjort etter gjeldande reglar.

Kun kontant betaling ved Radøy legesenter

Det er eit aukande problem at pasientar ikkje betaler for seg ved Radøy legesenter. Dette fører med seg mykje ekstra arbeid for dei tilsette. Vi ynskjer at mest mogleg av ressursane våre skal brukast til behandling av pasientar. Vi ser oss difor nøydde til å skjerpe inn regelen om KONTANT BETALING (kort eller kontantar). Legesenteret har kortterminal.

Vi vil òg opplyse om at ein for tida byggjer om på legesenteret. Dette vil føre med seg at listekapasiteten kan aukast. Vi ber om forståing for at legesenteret kan bli stengt enkelte dagar i byggjetida.

POLITISK MØTEPLAN

Onsdag 23. juni

Rådhuset - kl 0830 - Hovudutvalet

Torsdag 24. juni - Rådhuset kl 18.00

- Kommunestyre m/spørjetime

Saksliste ligg på kommunen sine heimesider, samt til gjennomsyn på sørvistorget om lag ei veke før møtedato.



Radøy legesenter er stengt i veke 29 (19-24 juli)

Ved akutt sjukdom eller skade, ring Nordhordland legevakt på tlf. 5635 1003 eller ring 113

